



Dok. ref.
07/711-4/K1-033//LTA

Dato:
Manger: 04.10.2007

REGLEMENT FOR RADØY ELDRERÅD

§ 1. VAL OG SAMANSETJING AV ELDRERÅDET

Kommunestyret oppnemner eldrerådet i Radøy. Rådet skal ha 6 medlemmer med varamedlemmer. Fleirtalet av medlemmene skal vera alderspensjonistar. To medlemmer og to varamedlemmer vert valde blant medlemmene i kommunestyret. Ein av desse bør vera blant formannskapet. Oppnemninga følgjer valperioden.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar som skal veljast blant pensjonistane.

Pensjonistforeningar har rett til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet.

§ 2. OPPGÅVER FOR ELDRERÅDET

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen og skal ha til handsaming alle saker som gjeld levkåra for eldre.

Eldrerådet skal m.a. ha følgjande saker til uttale:

- a) Årsbudsjett
- b) Langtidsbudsjett
- c) Kommuneplan
- d) Sektorplanar med særskilt interesse for eldre

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som gjeld dei eldre i kommunen.

Eldrerådet skal kvart år utarbeida ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

§ 3. REGLAR OM SAKSFØREHAVINGA

Alle saksdokumenta skal leggjast fram for eldrerådet før kommunestyret tek avgjerd i sakene. Det same gjeld når formannskapet og kommunale nemnder avgjer saker etter mynde delegert frå kommunestyret eller anna forvaltningsorgan.

Sakene skal oversendast frå dei ulike kommunale sektorane i så god tid på førehand at sekretariatet kan førebu sakene før dei vert lagt fram for eldrerådet.

Det skal førast protokoll (møtebok) for eldrerådet. Utskrift av protokollen skal følgja saksdokumenta til dei kommunale organa som tek endeleg avgjerd i saka.

Møta i eldrerådet er opne.

Reglane i kommunelova om kommunale nemnder gjeld tilsvarande for verksemda i eldrerådet så langt ikkje anna går fram av særlov om eldreråd.

Forvaltningslova sine reglar om teieplikt gjeld tilsvarande for eldrerådet, jf. forvaltningslova §§ 13 og 13 a – f.

Eldrerådet kan kalla inn representantar for administrasjonen til å gjera greie for spesielle saker.

§ 4. SEKRETARIAT M.V.

Rådmannen – eller den han gjev mynde til det – fungerer som sekretær for eldrerådet.

Sekretæren fører protokollen og har ansvar for at sakene er førebudd før dei vert lagt fram for eldrerådet. Sekretæren har talerett.

Det pålegg sekretariatet i samråd med leiaren å syta for at saker som gjeld levekåra for eldre vert lagt fram for eldrerådet.

Leiaren skal signera protokollen.

Radøy kommunestyre vedtok reglementet i møte 2. mars 1995, sak 6/95.

Leif Taule
Assisterande rådmann